



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

21.03.2024

Vår ref:

2024/2938

Dykkar dato:

16.02.2024

Dykkar ref:

202320163

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til detaljplan for rehabilitering av dam Seltuftvatn - Sunnfjord kommune og Høyanger kommune

Statsforvaltaren legg til grunn at nødvendig rehabilitering av damanlegget ved Seltuftvatnet blir gjennomført med minst mogleg nye naturinngrep. Den planlagde permanente anleggsvegen kan få negative konsekvensar for viktig naturmiljø med fleire raudlisteartar, og vil bli eit nytt større inngrep i eit sårbart fjellandskap. Dersom vegen må byggjast for å kunne gjennomføre rehabiliteringa, bør den tilbakeførast til dagens tilstand.

Vi viser til høyringar av detaljplan for rehabilitering av damanlegget i Seltuftvatnet.

Vår vurdering

Den planlagde rehabiliteringa er nødvendig og har stor samfunnsnytte, og det må akseptierast noko ulempe for allmenne interesser. Rehabilitering vil i stor grad innebere tiltak på eller nær eksisterande inngrep. I denne detaljplanen er det i tillegg planlagt ein anleggsveg, som kjem som eit nytt stort inngrep i sårbar fjellnatur. Dette vil få negative konsekvensar både for naturmiljøet og for landskapsopplevinga.

Vi legg til grunn at det blir stilt krav om at rehabiliteringa blir utført med minst moglege nye inngrep i naturmiljø og landbruksareal, at alle tiltak blir godt tilpassa terrenget, og at området blir stelt til att i tråd med moderne prinsipp basert på ivaretaking og gjenbruk av topplaget med den lokale frøbanken. Dette vil òg innebere at all transport knytt til rehabiliteringa skal planleggjast i tråd med naturmangfaldlova § 12 om miljøtilpassa driftsmetodar.

Det er gjennomført ei naturkartlegging basert på feltinnsamling 10. – 11. oktober 2023. Dette er altså seint i barmarksesongen, men eigna til å kunne vurdere mosar, sopp og lav, og kanskje til ein viss grad karplanteflora. Det er for seint til å kunne kartleggje hekkefugl, eller insekt som er mest aktive på solrike sommardagar i den sørvendte lia opp til Seltuftvatnet.

Det er påvist fleire raudlisteartar i og nær tiltaksområdet. Naturtypene naturbeitemark, boreal hei, semi-naturleg myr og raudlista mosar er gitt stor verdi i naturmiljørapporten. Påverknaden er vurdert til middels konsekvens for boreal hei, og noko konsekvens for dei andre nemnde naturtypene og raudlista mosar. Ut frå registreringane vurderer vi denne fjellsida som naturfagleg

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



interessant. Den sørvendte hellinga tilseier at det òg er gunstige høve for insektartar, og derav kan det vere raudlista artar som ikkje er kartlagt.

Det er omtalt i detaljplanen at strekninga mellom Fossvatnet og Seltuftvatnet er registrert som eit viktig/svært viktig friluftsområde. Den nye anleggsvegen vil bli eit synleg inngrep i eit tiltalande fjellandskap, og vegen vil i stor grad byggje ned dagens tursti.

Den nye anleggsvegen kan altså få negative konsekvensar for viktig naturmiljø med fleire raudlisteartar, og vil bli eit synleg landskapsinngrep som vil vere negativt for turopplevinga i eit viktig friluftsområde. Vi meiner vegen berre bør byggjast om den er heilt nødvendig for å kunne gjennomføre det pålagde rehabiliteringsarbeidet. Damanlegget blei i si tid bygt med berre ein mellombels anleggsveg, som seinare er godt sett i stand att og ser i dag ut til å vere ein fin tursti. Dersom vegen må byggjast, bør den vere mellombels, og tilbakeførast til tursti etter rehabiliteringa.

Til orientering har vi vore førelagt straumkabelen som skulle leggjast i veggrofta på den nye anleggsvegen frå nettselskapet. I tilbakemeldinga bad vi om at straumleidninga blir lagt som vanleg jordkabel i terrenget, eller som luftlinje, sidan anleggsvegen enno ikkje var til handsaming.

Vi legg til grunn at det blir vurdert eventuelle behov for avbøtande tiltak, og at det blir halde god dialog med viktige brukarinteresser. Vi oppfattar planen til at dette vil bli ivareteke.

Vi minner om at myr har stor verdi for biologisk mangfald og som karbonlager, og at myr dermed må ivaretakast for å unngå uheldige effektar både på naturmiljø og klima.

Det går fram av planen at det ikkje vil vere behov for større steinuttak, og at det vil bli nytta eksisterande deponi ved behov. Vi legg vil til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243. Eventuelt betongavfall må handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta. Vi minner elles om forureiningslova § 7 om å unngå forureining.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdier.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sunnfjord kommune

Høyanger kommune

Vestland fylkeskommune

Postboks 338

Postboks 159

Postboks 7900

6802

6991

5020

FØRDE

HØYANGER

BERGEN

